

1901-rettskrivingi var den fyrsta samnorsk-umboti

Sverre Stausland Johnsen

Skipingi av rettskrivingsnemnd

Tidlega års 1898 skipade kyrkjo- og skuladeildi (frå no KSD) til ei rettskrivingsnemnd fyre norskt mål i skulen. I nemndi sat Marius Hægstad målgranskar, Arne Garborg bokmann og Rasmus Flo bladstyrar. Riksråden i KSD var Vilhelm Andreas Wexelsen, og på årsmøtet i Det norske samlaget 16. 3. 1898 vitrade han møte-lyden um at nemndi var «sett i arbeid med aa emna saman faste rettskrivingsreglar for skulen». Riksråden grunnade skipingi av nemndi med at «skulen turvte noko fast aa halda seg til».¹

Det er ikkje sjølvsynt at det var torv til ei slik rettskrivingsnemnd.² KSD hadde alt i 1893 rådt at landsmålsnåmet i skulen skulde byggja på rettskrivingi hjå Aasen (1864) og Hægstad (1879).³ Er so KSD vilde hava meir fastleik i rettskrivingi i skulabøkerna, trong ho berre å krevja at den rettskrivingi ho alt hadde teket ved i 1893, laut fylgjast i skulabøkerna med. Når KSD helder valde å skipa til ei ny rettskrivingsnemnd, må det ha leget nokot meir attanfyre en berre eit ynske um «faste rettskrivingsreglar».

Tilstig mot norsk-dansk

Ei umsyn som vog tungt fyre KSD, var ynsket um å semja dei tvau bokmåli saman so langt det var råd. Det berrlagde riksråden fyre

Detta stykket byggjer på ein fyrelesnad eg gav på årsmøtet i Høgnorskringen 23. 1. 2021. Takk til møtelyden fyre merknader og spursmål, og takk til bokstyraren Thorgeir Holm fyre merknader og rettingar til målføringi.

1. Stausland Johnsen, 2020, s. 102–106.

2. Krokvik, 1991, s. 41–42.

3. Stausland Johnsen, 2020, s. 96–97.

møtelyden i Samlaget då han sagde at det «galdt [...] aa arbeida norsken og dansk-norsken saman so vidt mogeleg, eins reglar der det gjekk an». Nemndi fylgde detta umbodet frå KSD, og ritade detta i tilrådi si:⁴

Av dette fylgjer, som ein lett ser, eit nytt krav til skipna- den med skrivemaaten, at ein freistar aa semja saman skrive- maaten for dei tvo maal, so langt det er raad. [...] [Det er] sjølvstøtt at ein fær gjera alt som gjerast kann til aa faa dei tvo maal inn under *ein* skipnad og soleis letta arbeide med deim i skulen.

Spursmålet fyre nemndi var korso dei skulde ganga fram, vilde dei nå detta målet. På eina sido heldt dei fram at det ikkje «kann [...] verta tale um noko slags aatsemjing som gjer norsken *mindre norsk*», men samstundes dulde ikkje nemndi at dei totte det var det norska bokmålet som laut gjeva etter fyre norsk-dansken:⁵

For so vidt dei ordformer [...] er slike som er mykje brukte i lande – som det ofte er, – so er det og god grunn for nynorsken til aa tøygja seg so langt det er gjerande, og helst velja dei same ordformer og skrivemaatar, eller slike som stend nærast deim som er brukte i dansknorsken [...].

Di kunde ein helder rita ⟨sjø⟩ fyre ⟨sj⟩, sidan ⟨sjø⟩ både var myket utbreidt i målføri og var fullik norsk-dansk ⟨sjø⟩.^{6,7} I mange høve gjekk denne framferdi ut på å retta seg etter stavegjerd i av norske lånord i norsk-dansken, der bokmålet oftaste fylgde segnaden i dei austnorske målføri. I dei austnorske målføri hadde det gamalnorska ljodet *ð* dottet heilt burt etter eit sjølvljod, som i *sauðr* > *sau*. I soverne ord valde Aasen å rita ⟨d⟩ i samsvar med danskt bokmål og nynorske målføre på Nordvestlandet, og ritade ⟨sauð⟩.⁸ Sidan norsk-dansk hadde lånt inn ord som ⟨sau⟩, ⟨grei⟩, ⟨braa⟩, ⟨li⟩, ⟨ski⟩, ⟨snau⟩, ⟨stø⟩ og ⟨tiur⟩ frå målføri utan ein sogorett ⟨d⟩, vilde nemndi strjuka bokstaven ⟨d⟩ i dei norske ordi og få fullt samsvar med norsk-dansk.⁹ Men her braut nemndi med ei mæt grunnsetning

4. Hægstad, Garborg og Flo, 1899, s. 2–3.

5. Sst., s. 5.

6. Sst., s. 6, 22.

7. Framleggingarne her um kvat som var norsk-danskt bokmål på den tidi, byggjer på Aars (1894).

8. Aasen, 1864, s. 24–25.

9. Hægstad, Garborg og Flo, 1899, s. 6, 41, 43.

hjá Aasen, som var at medljodi i ordrøterna skulde koma skillega fram i alle skap og bøygingar.¹⁰ Nemndi vilde då at ein skulde strjuka ⟨d⟩ i lagordskapi ⟨grei⟩, ⟨greie⟩, ⟨greiast⟩, men halda på ⟨d⟩-en i inkjekynsskapet ⟨greidt⟩, i namnordet ⟨ei greida⟩, i segnordet ⟨aa greida⟩, i ymsa avleidingar som ⟨greidnad⟩, ⟨greidtøk⟩ og di-lik.¹¹ Ein kann spyrja seg um ein slik skipnad gjerer det lettare fyre næmingen å halda styr på rettskrivingi, endå det skulde vera fyremålet med umboti.

Lovnaden um at ordskapi i det norska bokmålet ikkje skulde gjerast minder norske, gjekk nemndi burt frå når dei heldt dei nedervde ordskapi fyre å vera sjeldhørde. Då totte nemndi ein skulde taka inn dei innlånte danske skapi ⟨kjøpa⟩, ⟨brød⟩, ⟨daap⟩ og ⟨sjæl⟩ fyre dei nedervde ⟨kaupa⟩, ⟨braud⟩, ⟨daup⟩ og ⟨saal⟩, som var dei ordskapi Aasen (1873) hadde valt.¹²

Døme på tiljamningar

Tilrådi frå nemndi er ei lang utgreiding med døme på ord og ordskap ein kunde brigda i det norska bokmålet og vinna likskap med norsk-dansk. I tavla 1 på næsta sido er sume av dei dømi oppførde, og når ein set upp dei norsk-danske ordskapi attved, er det audsynt at målet med rettskrivingsbrigdi var å janka norsk mot norsk-dansk. Dømi som vart gjevne i fyrre bolken, vert ikkje oppførde på nytt.

Jamvel i tilfelle der nemndi *ikkje* vilde brigda på den skipnaden som alt låg fyre i det norska bokmålet, kann ein skilja at det er umsyni til norsk-dansk som ligg attanfyre. Aasen sette upp eit skil millom nemneskapet *dei* og underskapet *deim*, men sagde frå at eit slikt skil snaudt fanst nokon stad i landet.¹³ Når nemndi lika fullt vel å halda på detta skilet,¹⁴ kann det vandt koma av nokot annat en eit ynske um å halda på likskapen med norsk-dansk *de* – *dem*.

Den «dauda» inkjekynsendingi -t

Ei sak som nemndi ikkje greidde å semjast um i 1899, vart teki upp atter då nemndi samrøddest på nytt i 1901.¹⁵ Det galddt inkjekynsendingi -t, som i flestalle målføri ikkje vert framsagd etter eit sjølv-

10. Aasen, 1864, s. 363.

11. Hægstad, Garborg og Flo, 1899, s. 41.

12. Sst., s. 6, 19–20.

13. Aasen, 1864, s. 181–182, 1873, s. 103.

14. Hægstad, Garborg og Flo, 1899, s. 57.

15. Hægstad, Garborg og Flo, 1901.

Aasen	Nemndi	Norsk-dansk
lid, sin, vid	led, sen, ved	led, sene, ved
vin, mid, smid	ven, med, smed	ven, med, smed
dyrr, spyr, byr, myk	dør, spør, bør, møk	dør, spør, bør, møg
kor, torn	kaar, taarn	kaar, taarn
seid, hid, skeid	sei, hi, skei	sei, hi, ske
foder, veder, leder	fôr, vêr, lêr	fór, veir, lær
klæda, klæder, læja	klæ, klær, læ	klæ, klær, le
sagde, lagde, gjerer	sa, la, gjer	sa, la, gjør
klemb(a), trumba	klem(ma), trumma	klem(me), tromme
elder, helder	eller, heller	eller, heller
fræ	frø	frø
fyre	for	for
en	enn	end
-utt	-ut	-et

Tavla 1: Døme på tiljamningar millom norsk og norsk-dansk

ljod.¹⁶ Det ser me då i varaordi <det̥>, <kvat̥>, <nokot̥> og <annat̥>, i bundet skap eintal av namnord som <det eplet̥> og <det hjartat̥>, i lagord som <eit opet̥ hus> og <eit litet̥ barn>, og i fyrrtidarlagord som <hev kastat̥> og <hev funnet̥>.

Her vilde nemndi kasta <t> når han stod etter eit annat sjølvljod en <e>. Med di skulde ein strjuka sidste <t>-en i <kvat̥>, <nokot̥>, <annat̥>, <hjartat̥> og <hev kastat̥>, der <t> stod etter ljodi <a> og <o>, men lata honom standa i <det̥>, <eplet̥>, <opet̥> og <hev funnet̥>, der <t> stod etter ljodet <e>. Ein skulde lika fullt kasta <t>-en i dei tvau ordi <myket̥> og <litet̥>, endå han stend etter <e>.¹⁷ Sjå tavla 2.

Det er ikkje berrsynt korso detta framlegget heng saman. Serlega vanskalegt er det å sjå skipnaden i at ein skulde halda på <t> i <eit eple – det eplet̥>, men strjuka honom i <eit hjarta – det hjartat̥> og helder rita <eit hjarta – det hjarta>. Men når me hugsar på stavegjerdi i norsk-dansk, vert det lettare å skyna. Frå den danska veikingi av utyngd a og o til e¹⁸ stod det aldri <-at> og <-ot> på norsk-

16. Aasen, 1864, s. 45, 104–105, 152, 169–170, 181–183, 195.

17. Hægstad, Garborg og Flo, 1901, s. 14–16.

18. Cramer og Kirkegaard, 1996, s. 17.

Aasen	Nemndi
-at, -ot	-a, -o
-et	-et
myket, litet	mykje, lite

Tavla 2: Inkjekynsendingi -t

dansk i inkjekyn, det stod stødt <-et>. I det eina ordet <kvat> hadde ikkje dansk fenget veiking til *e*, men her var -t vorten veikt til -*d*,¹⁹ so at det helder ikkje her var nokot samsvar millom norsk <-at> og norsk-dansk <-at>. Dette er framsynt i tavla 3.

Aasen	Nemndi	Norsk-dansk
kast-at	kast-a	kast-et
ann-at	ann-a	and-et
hjart-at	hjart-a	hjert-et
nok-ot	nok-o	nog-et
kv-at	kv-a	hv-ad

Tavla 3: Inkjekyn på -at og -ot

Som fyrr nemnt var fyremålet med rettskrivingsbrigdi å vinna likskap med norsk-dansk ritgjerd. Men sama kvat nemndi hadde gjort med dei norske ordi i tavla 3, kunde det ikkje verta lik rettskriving i dei tvau måli, og med di stod nemndi fritt til å brigda på endingarne so som dei vilde. Det hev seg annarleides med den norska endingi <-et>, for her var det jamnaste eit samsvar med norsk-dansk <-et>. Hadde nemndi sleget på å strjuka bokstaven <-t> i desse ordi, hadde fråstandet millom dei tvau bokmåli aukat. Då er det rimelegt å tru at det var grunnen til at nemndi vilde halda på <-t> etter sjølvjodet <e>. Som nemndarmennerne sjøelve ritade: «[...] regelen vert, at -t i kvaargjekyn vert skriven der han [...] enno stend i dansk-norsk skrift».²⁰

Då vilde nemndi halda på <-t> i lagord med etterfestet -*en* (<open - opet>), i fyrrtidarlagord av sterke segnord, som hev

19. Sst., s.19.

20. Hægstad, Garborg og Flo, 1901, s.16.

etterfestet *-en* au (⟨funnen – funnet⟩), i bundet skap av namnord (⟨huset⟩) og i varaordet ⟨det⟩. I flestalla desse endingarne er det samsvar med norsk-dansk, so nær som endingi i lagord av gjerdi *opet*, for her hev norsk-dansk ei nyvunni ending ⟨-ent⟩, d.e. ⟨aabent⟩.²¹ Sidan norsk ikkje kunde få lik ending med norsk-dansk her, kor som var, skulde ein tru nemndi vilde finna på å strjuka ⟨-t⟩ her med, etter det som vart ummælt ovanfyre. Nemndi dryfter ikkje detta spursmålet i framlegget sitt, men det mun vera sambandet med fyrrtidarlagordi på *-en* som gjerer det ugredt å skilja bøygingi av desse ordi frå einannan. For det er ikkje stødt audsynt kvar ein skal draga skilet millom dei tvo ordflokkarne. Er ordi *sliten* og *vaksen*, du vil segja, lagord som stend fyre seg sjølv, elder er dei fyrrtidarlagord av segnordi *slita* og *veksa*? Um svaret på det spursmålet er det som råder av um ein skal rita ⟨vakse⟩ elder ⟨vakset⟩, kann ein snart enda upp i uvisso og velja på von og vare. Her valde nemndi å halda på ⟨-t⟩ i alle ordi.

Men i tvau lagord med etterfestet *-en* valde nemndi å strjuka bokstaven ⟨-t⟩ i inkjekynsskapet, og det var i ⟨mykjen – mykje⟩ og ⟨liten – lite⟩. Nemndi ritar at her «maa ein kunna gjera eit undantak», utan at dei kjem inn på grunnen til det, annat en at desse tvau ordi «i seinare tid mest jamt hev voret skrivne utan *-t*».²² Her er det likt til at det er norsk-dansken som styrer på nytt. For av alle dei ordi på norsk-dansk som er skipade med eit gamalt etterfeste *-en*, er det berre tvau som vert sagde utan *-t* i inkjekyn i den norsk-danske kvardagstalen, og det er radt desse tvau ordi, sjå tavla 4. I lagordet *eigen*, som i norsk-dansk hev den upphavlega bøygingi ⟨egen – eget⟩ og ikkje hev fenget den nya inkjekynsendingi ⟨-ent⟩, er framburden i kvardagsmålet *ēgæt* med *-t*. Det er vandt å sjå nokon annan grunn til at nemndi vilde halda på endingi ⟨-t⟩ i radt detta ordet på norsk, men ikkje i ⟨mykje⟩ og ⟨lite⟩. Stavegjerdi og framburden av desse ordi er framsynte i tavla 4.²³

1901-rettskrivingi

Tilrådi frå rettskrivingsnemndi var som nemnt berre ei utgreiding, og ho lagde ikkje fram nokot fullt uppset til ny rettskriving. Då låg det på andre å skula gjera framlegget um til ei ny rettskriving. Matias Skard gav i 1901 ut *Landsmaals-ordlista*, og KSD tok ved at

21. Skautrup, 1953, s. 205.

22. Hægstad, Garborg og Flo, 1901, s. 16.

23. Visende um det norsk-danska kvardagsmålet er å finna i Bennett, 1881. Ordi er ljodskrivne med den norska ljodskrifti (Storm, 1908; Kolsrud, 1950).

Aasen	Nemndi	No.-da. bokmål	No.-da. kvardagsmål
funnet	funnet	fundet	<i>funnæt</i>
opet	opet	aabent	<i>åpænt</i>
eiget	eiget	eget	<i>ēgæt</i>
myket	mykje	meget	<i>mōæ</i>
litet	lite	lidet	<i>lītæ</i>

Tavla 4: Inkjekynsendingi -et

stavingi i denne boki «bliver at anvende i alle Lærebøger, skrevet paa Landsmaal, som bruges i Skolen».²⁴ Boki synest fylgja tilråderna frá rettskrivingsnemndi i det mesta, men do finst sume skilnader. Av dei ordi som er nemnde i detta stykket, valde Skard å ikkje strjuka bokstaven <d> frá ordi *greid*, *lid*, *snaud* og *stød*, han heldt på bokstaven <y> i segnordi *byr* og *spyr*, og han heldt på dei fulle ordskapi *klæda* og *klæder*. Den mest merkande skilnaden er at Skard valde å strjuka bokstaven <t> frá inkjekynsendingi i alle lagord og fyrrtidarlagord. Der rettskrivingsnemndi vilde hava «Eit lite opet hus er funnet», ritade Skard «Eit lite ope hus er funne». At KSD lika fullt heldt boki hans Skard fyre å vera «i den af Herrerne Professor Hægstad og Cand. mag. Flo anbefalede Form», lyt vera ei gåløysa.²⁵ Samaleides er det misvisande å kalla 1901-rettskrivingi fyre «Hægstad-normalen» når denne rettskrivingi skilst frá tilrådi hans Hægstad på nokot mange stader.

Ei sammorskumbot

Rettskrivingsnemndi opnade tilrådi si med denne grunnsetningi (s.2):

Ein fær byggja paa det skrivebruk som hev vore raadande i kvart maals bokrike, eller det som best hev synt evna til aa samla um seg.

Nemndi kunde grunna brigdi sine med at dei svarade til utbreidda framsegner i dei norske målføri, og at dei nye stavegjerderna var å finna i norske bokstykke. Det hev nog voret med på å gjeva ein

24. Stausland Johnsen, 2020.

25. Sst., s.107–108.

tokknad i målrørslo um at umboti frå 1901 byggjer på eigen grunn, utan umsyn til norsk-dansken. Men når ein gjeng igjenom tilrådi deira, er det skillegt at hovudfyremålet fyre nemndi var å janka norsk ritgjerd mot det norsk-danska bokmålet. I detta stykket skil ikkje 1901-umboti seg frå alla dei umbøterna som sidan skulde koma. Alla hev sams at dei kunde grunna brigdi sine med at dei nye ordskapi var vanlege i både talamålet og i norske bokstykke, men at *hovudmålet* deira var å vinna likskap millom norsk og norsk-dansk. Både umbodet frå KSD og framlegget frå nemndi er berr-søgne på at detta var målet med 1901-umboti au. Difyre er det ingen grunn til å dylja at 1901-umboti var ei *samnorsk-umbot*. Den som vil rita norsk på eit rettelega norskt grunnlag utan tiljamning mot norsk-dansk, gjerer med det best i å halda seg til rettskrivingi hans Ivar Aasen.

Tilvisingar og kjeldor

- Bennett, T. 1881. *Selection of phrases for tourists travelling in Norway*. Johan Storm styrde. 4. utg. Christiania: H. Tønsberg's Printing-office.
- Cramer, Jens og Peter Kirkegaard. 1996. *Dansk sproglære for nordmænd*. 2. utg. Gyldendal.
- Hægstad, Kr. M. 1879. *Norsk Maallæra, elder Grammatik i Landsmaalet*. Namsos: Eiget Forlag.
- Hægstad, Marius, Arne Garborg og R. Flo. 1899. *Framlegg til skrivereglar for landsmaale i skularne*. Fyrelagt det kongelige departement for kirke- og undervisningsvæsenet. Tillæg til univ.- og skoleannaler. Kristiania: A. W. Brøggers bogtrykkeri.
- 1901. *Tillæg til „Framlegg til skrivereglar for landsmaale i skularne“*. Bilag til Univ.- og skoleannaler. Kristiania: A. W. Brøggers bogtrykkeri.
- Kolsrud, Sigurd. 1950. *Norsk ljoskrift*. Oslo: Jacob Dybwad.
- Krokvik, Jostein. 1991. *Mål og vanmæle. Frå saga um norsk offentleg skriftmål*. Bergen: Norsk bokreidingslag.
- Skard, Matias. 1901. *Landsmaals-ordlista. Med rettleiding um skrivemaaten*. Kristiania: H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard).
- Skautrup, Peter. 1953. *Det danske sprogs historie*. Band 3: *Fra Holbergs komedier til H. C. Andersens eventyr*. København: Gyldendalske boghandel. Nordisk forlag.
- Stausland Johnsen, Sverre. 2020. 1901-rettskrivinga, midlandsmakselen og riksstyremålet. *Arkiv för nordisk filologi* 135, s. 95–111.
- Storm, Joh. 1908. *Norsk Lydskrift med Omrids av Fonetiken*. *Norvegia* 1, s. 19–179.
- Aars, J. 1894. *Retskrivnings-regler til skolebrug. Med alfabetisk ordliste*. 11. utg. Autoriseret til skolebrug. Kristiania: W. C. Fabritius & Sønner.
- Aasen, Ivar. 1864. *Norsk Grammatik*. Omarbeidet Udgave af „Det norske Folkesprogs Grammatik“. Christiania: P. T. Mallings Forlagsboghandel.
- 1873. *Norsk Ordbog med dansk Forklaring*. Omarbeidet og forøget Udgave af en ældre „Ordbog over det norske Folkesprog“. Christiania: P. T. Mallings Boghandel.